



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Styret i Bordgleder Kinn kommune KF
Møtestad: Bordgleder
Dato: 25.11.2025
Tid: Kl. 14:00 - 16:00

Følgjande medlemmer møtte

Lone Marlen Bareksten
Madelen Øvrebotten Hopen
Petter Karl Refsnes
Jacob Andrè Telvik Nødseth

Forfall

Tore Skarstein

Varamedlem

Liv Marit Breilid

Andre som møtte


Halvor Halvorsen

Måløy, 28.11.2025

Jacob Andrè Telvik Nødseth
Styreleiar Bordgleder KF

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
034/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
035/25	Godkjenning av møteprotokoll
036/25	Dagleg leiar si rapportering til styret
037/25	Framtidsrekneskap og scenarioanalyse for Bordgleder KF
038/25	Orienteringssak - Matomsorg i norske kommunar
039/25	Oppfølging av økonomiforutsetningar - Bordgleder KF



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	25.11.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 25.11.2025:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.


Godkjenning av sakliste:

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

BOGL- 034/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
035/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	25.11.2025

Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 25.11.2025:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.


BOGL- 035/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Styret i Bordgleder Kinn kommune KF - 22.10.2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	25.11.2025

Dagleg leiar si rapportering til styret

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret i Bordgleder tek dagleg leiar si orientering til vitande.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 25.11.2025:

Handsaming:

Framlegg frå styret, foreslått av ,

Det skal ved sak «rapport dagleg leiar» fast ligge ved siste tilgjengelege rekneskapsrapport, som er godkjent av rekneskapsavdelinga/rekneskapssjefen. Dagleg leiar supplerar med merknader der det er avvik eller vesentleg nytt for drifta. Styret er opptekne av openheit, og rekneskapsrapporten er det difor viktig at er offentleg, det same med dagleg leiar sin rapport.

Daglig leder informerte styret om at det samme dag var mottatt utkast til revisjonsrapport fra Vestland Revisjon. Endelig rapport vil bli mottatt senere og styret vil få denne tilsendt når den er mottatt.

Rapporten omhandler skille mellom organisering og regnskapsførsel av den konkurranseutsette og den kommunale driften i Bordgleder.

Styret drøftet innholdet i rapporten og legger følgende til grunn for videre behandling.

Daglig leder må snarlig starte arbeidet med å få lukket avvikene som er beskrevet i rapporten som gjelder separat regnskapsførsel for den konkurranseutsatte delen av virksomheten i selskapet. Det skal føres separate regnskaper, med korrekt fordeling av inntekter og utgifter i regnskapet, for å unngå kryssubsidiering mellom den kommunale og konkurranseutsatte delen av virksomheten. Regnskapsprogram, kontoplan og retningslinjer for riktig fordeling av inntekter og kostnader må f.o.m. regnskapsåret 2026 være slik at de fullt ut støtter kravene i revisjonsrapporten.

Styret konstaterer at rapporten som kommunedirektøren og Bordgleder har fått utarbeidet i høst fra uavhengig revisor/advokat svarer på flere av problemstillingene også kontrollutvalget peker på. Styret legger til grunn at denne rapporten kan bidra til å sikre rutinene i det videre.

Regnskapssjef i Kinn kommune innkalles til styremøte i Bordgleder tidlig i januar 2026 der rapporten

blir gjennomgått og omtalte avvik som gjelder mangler i regnskapssystemet , og rutiner og kontoplan for riktig fordeling av inntekter og kostnader blir behandlet. Det er styret og daglig leder sin målsetting å få lukket avvikene i rapporten så snart som mulig.

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.
Fellesframlegg frå styret samrøystes vedteke.

BOGL- 036/25 Vedtak:

Styret i Bordgleder tek dagleg leiar si orientering til vitande, med følgjande tillegg:

Det skal ved sak «rapport dagleg leiar» fast ligge ved siste tilgjengelege rekneskapsrapport, som er godkjent av rekneskapsavdelinga/rekneskapssjefen. Dagleg leiar supplerar med merknader der det er avvik eller vesentleg nytt for drifta. Styret er opptekne av openheit, og rekneskapsrapporten er det difor viktig at er offentleg, det same med dagleg leiar sin rapport.

Bakgrunn for saka:

I tråd med styret sitt vedtak og fast praksis skal dagleg leiar ved kvart styremøte leggje fram ei statusrapportering om sentrale driftsområde. Rapporten skal gje styret eit samla oversyn over situasjonen i verksemda og peike på eventuelle utfordringar eller tiltak som krev styret si merksemd.

Saksopplysningar:

Dagleg leiar har rapportert til styret om følgjande emne:

1. Økonomisk situasjon

Det er gjeve ei orientering om den økonomiske statusen per oktober 2025.

2. Sjukefråvær

Sjukefråværet i perioden unntatt offentlegheita. Oppfølging skjer i tråd med IA-rutinar og arbeidsmiljølova § 4-6, som pålegg arbeidsgivar å følgje opp sjukmeldte arbeidstakarar og leggje til rette for tilbakeføring til arbeid.

På grunn av få tilsette og omsyn til personvern vert denne delen av saka unntatt offentlegheit i samsvar med offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1, som vernar opplysningar om personlege forhold.

3. Avvik

Alle avvika er følgde opp og lukka, og det er sett i verk førebyggjande tiltak.

4. Salsarbeid

Salsaktiviteten har vore retta mot vidareutvikling av marknaden gjennom tiltak innan marknadsføring, kundekontakt, nye produkt og anbod. Målet er å styrkje økonomien til Bordgleder og sikre jamn ordretilgang.

Ettersom dette punktet omfattar opplysningar av forretningsmessig karakter, vert det unntatt offentlegheit etter offentleglova § 23 første ledd, som opnar for unntak når innsyn kan skade verksemda sine konkurransemessige interesser.

5. Økonomisk omstilling


Dagleg leiar orienterte om framdrifta i arbeidet med økonomisk omstilling. Arbeidet omfattar tiltak for kostnadskontroll og effektivisering.

6. Innkomne skriv og meldingar

Det er ikkje motteke skriv, meldingar eller pålegg frå samarbeidspartnarar, offentlege instansar eller andre. Dette er ei orienteringssak som er vedlagt under orienteringssaker.

Vurderingar:

Dagleg leiar si rapportering gjev eit tilfredsstillande grunnlag for styret si oppfølging av drifta. Det vert vurdert at dei tiltaka som er sette i verk, er relevante for å møte utfordringar innan økonomi og drift.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	25.11.2025

Framtidsrekneskap og scenarioanalyse for Bordgleder KF

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret tek scenarioanalysen og framtidsrekneskapet til orientering.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 25.11.2025:

Handsaming:

Framlegg frå styret, foreslått av ,

Styret tek rapporten til vitande, og konstaterer at Bordgleder KF: driv effektivt, bidreg til at kommunen betalar 1,8 millionar kroner mindre for matproduksjonen enn om ein ikkje var KF med eksternt sal, og at ein har eit stort potensial for lønnsemd. Styret ser det som viktig at det gode arbeider ein gjer med meir eksternt sal og dialog med andre kommunar held fram.

Røysting:

Framlegg frå styret samrøystes vedteke.

BOGL- 037/25 Vedtak:

Styret tek rapporten til vitande, og konstaterer at Bordgleder KF: driv effektivt, bidreg til at kommunen betalar 1,8 millionar kroner mindre for matproduksjonen enn om ein ikkje var KF med eksternt sal, og at ein har eit stort potensial for lønnsemd. Styret ser det som viktig at det gode arbeider ein gjer med meir eksternt sal og dialog med andre kommunar held fram.

Bakgrunn for saka:

I samband med revidert budsjett for 2025 og overordna strategiske vurderingar om framtidig organisering og drift, ønskjer Bordgleder KF og Kommunedirektøren å få belyst ulike alternative løysingar for vidare drift. Det er utarbeidd eit framtidsrekneskap og ei scenarioanalyse basert på rekneskapstal, budsjett og faktuelle føresetnader lagt fram av dagleg leiar og kommunen.

Saksopplysningar:

Administrasjonen presiserer at analysen byggjer på tekniske utrekningar etter instruks frå kommunen og ikkje utgjer revisjon, kontroll eller attestasjon av grunnlagsdata.

Vurdering av alternativa

- Alternativ 1: Avvikling av KF og drift internt i kommunen (utan eksternt sal)
- Alternativ 2: Vidareføring av dagens driftsform som kommunalt føretak
- Alternativ 3: Auka eksternt sal slik at drifta går i balanse
- Alternativ 4: Samarbeid med andre kommunar

Administrasjonen si samla vurdering:


Dei fire alternativa viser store skilnader i økonomisk resultat og risiko. Alternativ 1 (avvikling) gir størst økonomisk belastning for kommunen. Alternativ 2 (dagens drift) gir moderat underskot med avgrensa risiko. Alternativ 3 og 4 gir moglegheit for økonomisk balanse eller overskot, men inneber auka kontraktsmessig og organisatorisk risiko.

Alternativ 4 framstår økonomisk mest gunstig, men krev omfattande juridisk og organisatorisk utgreiing før ei mogleg beslutning.

Vedlegg i saken:

Scenarioanalyse Bordgleder KF - 2025

Notat Bordgleder Kinn Kommune KF - Deloitte



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	25.11.2025

Orienteringssak - Matomsorg i norske kommunar

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret i Bordgleder KF tek saka til vitande.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 25.11.2025:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 038/25 Vedtak:

Styret i Bordgleder KF tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune vil få strammare økonomiske rammer i åra framover. Effektane av mellom anna auka rentekostnader, pris- og lønsvekst, auka etterspurnad etter sosiale tenester, demografiske endringar og endringar i inntektssystemet for kommunane vil bidra til at mange kommunar står i ein krevjande økonomisk situasjon.

Saksopplysningar og vurderingar:

Den økonomiske situasjonen i kommunen gjer det nødvendig å gå gjennom og vurdere tenestemråda på nytt, inkludert matomsorga. For Bordgleder KF inneber dette eit behov for å sjå nærare på:

- dagens organisering og kapasitet
- potensial for meir effektive arbeidsformer og logistikk
- moglege konsekvensar for kvalitet og brukartilfredsheit
- framtidig dimensjonering i møte med demografiske endringar
- økonomisk berekraft og finansieringsmodellar

Formålet er å sikre at matomsorgstenestene også i framtida kan leverast på ein økonomisk forsvarleg måte, samstundes som tenestene møter innbyggjarane sine behov og forventningar i rimeleg grad. Eit styrkt kunnskapsgrunnlag vil bidra til meir informerte politiske og administrative prioriteringar framover.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

Denne rapporten har ingen direkte økonomiske eller administrative konsekvensar. Eventuelle tiltak eller endringar vil bli lagt fram i eigne saker dersom det skulle bli aktuelt.

Vedlegg i saken:

Rapport frå PWC - Matomsorg i norske kommuner



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	25.11.2025
139/25	Formannskapet	27.11.2025

Oppfølging av økonomiforutsetningar - Bordgleder KF

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Arbeid med å økonomisk omstilling og tilpassing av Bordgleder KF vert lagt til grunn slik det går fram av saka, og med dei vilkår som kommunestyret fastset i samband med handsaming av budsjett/økonomiplan for 2026-29

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 25.11.2025:

Handsaming:

Fellesframlegg frå styret, foreslått av ,

Styret viser til rapporten frå Deloitte, som viser at alternativet med eit KF er ca 1,8 millionar kroner rimelegare enn å avvike KF og legge dette inn i kommunedirektøren si styringslinje som ei ordinær teneste utan eksternt sal. Bordgleder KF bidreg såleis til at kostnaden ved å produsere mat til omsorgstrengande i kommunen blir vesentleg rimelegare for Kinn kommune.

Styret har eit stort fokus på å auke eksternt sal, noko dagleg leiar jobbar med kontinuerleg. Som det framgår av styret sitt vedtekte budsjett og økonomiplan er det budsjettert etter eit forsiktighets- og forsvarlegheitsprinsipp der ein berre har lagt til grunn faktisk påreknelege kostnader og inntekter jf. kommunelova § 14-4 tredje ledd.

Styret legg til grunn at eksternt sal vil auke, men finn det vanskeleg å budsjettere med dette før ein har meir konkrete avtaler som gjer at realismekravet i kommunelova vert stetta. Dette er også i samsvar med tilbakemeldingar ein har merka seg frå det politiske ordskiftet om Bordgleder.

Styret har forståing for at det er krevjande økonomiske tider for kommunen som konsern, og vil sjølvstendig rette seg etter det budsjett kommunestyret vedtek og styre etter det etter beste evne og vilje. Også om kommunestyret vedtek eit budsjett med høgare budsjettert eksternt sal. Likevel finn ikkje styret å kunne tilrå ei slik underdekning som reelt er konsekvensen av kommunedirektøren sitt framlegg, og vil oppmode om at det budsjett og økonomiplan som styret allereie har vedteke blir lagt til grunn.

Røysting:

Fellesframlegg frå styret samrøystes vedteke.

BOGL- 039/25 Vedtak:

Styret viser til rapporten frå Deloitte, som viser at alternativet med eit KF er ca 1,8 millionar kroner rimelegare enn å avvikle KFet og legge dette inn i kommunedirektøren si styringslinje som ei ordinær teneste utan eksternt sal. Bordgleder KF bidreg såleis til at kostnaden ved å produsere mat til omsorgstrengande i kommunen blir vesentleg rimelegare for Kinn kommune.

Styret har eit stort fokus på å auke eksternt sal, noko dagleg leiar jobbar med kontinuerleg. Som det framgår av styret sitt vedtekne budsjett og økonomiplan er det budsjetttert etter eit forsiktighets- og forsvarlegheitsprinsipp der ein berre har lagt til grunn faktisk påreknelege kostnader og inntekter jf. kommunelova § 14-4 tredje ledd.

Styret legg til grunn at eksternt sal vil auke, men finn det vanskeleg å budsjettere med dette før ein har meir konkrete avtaler som gjer at realismekravet i kommunelova vert stetta. Dette er også i samsvar med tilbakemeldingar ein har merka seg frå det politiske ordsiftet om Bordgleder.

Styret har forståing for at det er krevjande økonomiske tider for kommunen som konsern, og vil sjølvstendig sette seg etter det budsjett kommunestyret vedtek og styre etter det etter beste evne og vilje. Også om kommunestyret vedtek eit budsjett med høgare budsjetttert eksternt sal. Likevel finn ikkje styret å kunne tilrå ei slik underdekning som reelt er konsekvensen av kommunedirektøren sitt framlegg, og vil oppmode om at det budsjett og økonomiplan som styret allereie har vedteke blir lagt til grunn.

Formannskapet 27.11.2025:**Handsaming:**

Alternativt framlegg, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Formannskapet ber om at kommunebudsjettet vert justert i samsvar med innspel frå styret i Bordgledet jf. deira vedtak av 25.11.2025.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.
Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth falt med ei røyst frå Venstre v/Nødseth.

FORM- 139/25 Vedtak:

Arbeid med å økonomisk omstilling og tilpassing av Bordgleder KF vert lagt til grunn slik det går fram av saka, og med dei vilkår som kommunestyret fastset i samband med handsaming av budsjett/økonomiplan for 2026-29.

Bakgrunn for saka:

I samband med 2. tertialrapport vart det varsla at ein ville kome attende med ei sak. Saka tek utgangspunkt i korleis best tilpasse oss med delt matproduksjon mellom kommunedelane, og kommunestyret sitt val av føretaksmodellen for kjøkkenet i Florø.

Det viser seg vanskeleg å møte auke i kapitalkostnader med auke i dekningsbidrag frå eksternt sal så snøgt som kommunestyret hadde sett føre seg. Bordgleder KF skal dekkje husleige på 1,7 mill. kr. og finansutgifter på 1,1 mill. kr. Gjennomgangen som vart gjort i samband med utarbeiding av saka har også sett på ulike formelle sider ved korleis forankre rekneskapsføring- og anbudsprising som ledd i kommunestyret sitt oppdrag med å tilby ledig produksjonskapasitet til andre.

I framlegg til økonomiplan for 2026-2029 er det sett av overføring (kompensasjon for kapitalutgifter) på 3 mill. kr. i **2026 og 2027**. Grunngeving for denne avsetninga er realistisk gjennomføring av tilpassing ut frå at kommunestyret har valt føretaksmodellen (KF).

Mellom kommunane i Region Fjordan er det interesse for å gjere ein forstudie der fleire kommunar ser på korleis matproduksjon kan løysast. Undersøkinga vil konsentrere seg om korleis mogleg samarbeid mellom kommunar vil kunne gje vinstar. Det vil bli sett på korleis ein kan oppnå god kvalitet på matproduksjon, logistikk, tilpassingar til krav om kostnadsreduksjonar og reduserte investeringar.

Det er kommunedirektøren si vurdering at vi ikkje bør gjere endringar i kjøkkendriftinga og organisering av denne før ein har undersøkt om eit slikt interkommunalt samarbeid kan føre fram. I saka er det greidd ut vilkår for vidare arbeid med sal av mat til private kundar. Som det går fram av vurderinga vil organisering av kjøkkentenesta i Florø som ei ordinær teneste koste vesentleg meir (4,6 mill. kr.).

For å utarbeide saka er Cedra (tidlegare Deloitte) kontakta for gjennomføre utgreiingar om kva vilkår eit kommunalt føretak har til å gjennomføre konkurranse i ein privat marknad, og gjere økonomisk analyse

Saksopplysningar:

Handsaming i 2. tertialrapport

I samband med 2. tertialrapport for 2025 vedtok kommunestyret underdekning i 2025 på 3,2 mill. kr. Kommunedirektøren skulle utarbeide sak om korleis innrette oss for å sikre drifta av selskapet i balanse å snøgt som mogleg. Årsaka til at underdekning kjem no, og ikkje i samband med førre års budsjett, skuldast at KF Bordgleder ikkje i tilstrekkeleg grad har budsjettert med bortfallet av omsetning frå heimebuande og institusjon i Måløy. I 2025 har også kommunen redusert kjøp av tenester som fylgje av bruk av færre plassar i Markegata HDO. Kommunedirektøren har ikkje gått gjennom selskapet sine økonomirapportar etter 2. tertial, men har registrert at styret har vurdert at underdekninga i 2025 kan bli større enn kva som var rapportert i juni. Det er styret sitt ansvar å følgje opp dette vidare.

Produksjonsmetode

Bordgleder KF produser mat etter kok-/kjølprinsippet, som er den vanlegaste metoden for sentralkjøkken som leverer til fleire institusjonar og til heimebuande. Maten vert produsert på storkjøkken og blir kjølt ned frå over 72 °C til 3 °C på under 90 minuttar. Gjennom denne metoden pasteuriserast, kjølast og lagrast maten kjølig frem til den skal bli servert. Metoden gjev effektiv utnytting av personalressursane med jamn produksjon gjennom veka og ein unngår då arbeidstoppar med meir tradisjonell produksjon. Metoden stiller krav til oppvarming, nedkjøling og temperatur under lagring og transport. Kok-/kjølproduksjonen viser seg å ha mindre svinn av næringsstoffa under tillaging av mat.

Kommunestyret valde KF-modellen

Kommestyret valde å halde på KF-modellen i samband med drøfting av politisk organisering, også for matproduksjon til institusjonar, heimebuande og eksterne kundar levert frå Bordgleder (Florø).

Produksjonsmetode og investeringsomfang vart vedteke av kommunestyret hausten 2023.

Kostnaden for kommunen auka som følgje av delt produksjon av mat både i Florø og Måløy (kring 3,5-4,0 mill. kr). Saksgangen nedanfor viser prosessen frå vedtak om deling av kjøkkendriftinga mellom Florø og Måløy. Meirkostnaden vart innarbeidd først i revidert budsjett 2024. I samband med budsjettarbeidet 2025 var ikkje dette i tilstrekkeleg grad fanga opp, ref. innleiinga.

Kinn kommune er arbeidsgjevar for dei tilsette i føretaket og personalforvaltninga fylgjer kva gjeld

elles for kommunalt tilsette. Drifta skal vere effektiv, mest mogleg lønsam og berekraftig over tid. Budsjett, handlingsprogram og årsrapport skal dokumentere resultatkrav og resultat. Styret i føretaket har mynde til å treffe avgjerd i alle saker som gjeld føretaket og føretaket si verksemd, men likevel innanfor rammene som kommunestyret har fastsett. Kommunedirektøren har ikkje instruksjons overfor dagleg leiar i føretaket. Før styret treff vedtak i saker som skal handsamast i kommunestyret, har kommunedirektøren uttalerett.

Saker med handsaming av kjøkkenfunksjonar

Sak	Innhald og vedtak
183/22	Budsjett og handlingsprogram 2023-26: Kommunedirektøren skal legge fram ei sak om korleis kjøkkenet i Måløy kan gjenopprettast. Saka skal politisk handsamast i kommunestyret innan 01.03.2023
090/23	Kommunestyret vedtok å halde fram med alle kommunale føretak som ledd i vurdering av politisk organisering for neste kommunestyreperiode.
027/23	Formannskapet ynskte å sjå samanheng mellom oppretting av kjøkken i Måløy med konsekvensar for drift av kjøkken ved ny institusjon i Florø (etablering av 1 eller 2 kjøkken i kommunen)
075/23	Framtidig kjøkkenløyising. Kommunestyret vedtok løyising med servering av varm mat for brukarane av kjøkkentenester.
104/23	Vedtak om framdrift for ombygging av kjøkken i Hjellegata til erstatning for kjøkken i institusjon. Notat om utsetting av vedtak om opning av kjøkken i Måløy, p.g.a. kostnader, og nødvendig vurdering at tiltaket vart vurdert i samband med årsbudsjettet. Oppstart av kjøkkenløyising avhengig av løyving i budsjett, økonomiplan 2023-2027.
143/23	Vedtak om å gå vekk frå servering av varm mat til institusjon og heimebuande i Florø. Redusert investeringsbehov og reduserte driftskostnader var utgangspunkt for endringa.
145/23	Orientering til formannskapet om kostnader ved gjenopning av kjøkken i Måløy og auka kostnader til drift av kjøkkenløyising i Florø. Del av budsjetthandsaming. Auka kostnader på 4,1 mill. kr.
179/23	Budsjettet føreset at Bordgleder ikkje leverer mat til Måløydelen av kommunen etter 1. april 2024, i tråd med kommunestyrevedtak. Budsjettet tek også inn over seg den store prisveksten som er i samfunnet, som får stor påverknad for kva det kostar å produsere middagar også for Bordgleder. Differansen mellom kva Bordgleder budsjetterer med og det kommunedirektøren har lagt inn i sitt budsjett for kva omsorgstenesta betaler for middag til omsorgstenesta i 2024 er kroner 2,7 mill. kr.
179/23	Økonomiplan og handlingsprogram 2024- 27: Kommunedirektøren hadde innstilt på å utsetje oppretting av nytt kjøkken i Måløy, med utgangspunkt i manglande budsjettdekning. Kommunestyret vedtok : «Kommunedirektøren bes gjennomføre gjenopning av kommunalt kjøkken i Måløy, innan 1. Mars 2024. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med en sak i løpet av Januar 2024». «Kjøkkenet i Måløy skal gjenopnast gjennom at budsjett til matkjøp skulle delast med 40% på drift av kjøkken i Måløy og 60% til kjøp av tenester i Florø frå KF Bordgleder.»
021/24	Vedtak om gjenopning av Kjøkken i Måløy 6. mai 2024. Auka kostnader på 3,8 mill. kr, mogeleg å justere ned til 3,2 mill. kr. Finansiering av auka kostnader vert å komma attende til i 1. tertial
053/24	Lovlegkontroll av vedtak om gjenopning av kjøkkensaka, vedtak utan tilstrekkeleg inndekning. Kommunestyret og Statsforvaltar fann vedtaket gyldig
088/25	Revisjon av budsjett 2025. Kommunestyret godkjende meirforbruk på 3,2 mill. kr. I 2025. Årsaka til underdekning skuldast at det ikkje i tilstrekkeleg grad var teke omsyn til bortfall av omsetning frå heimebuande og institusjon i Måløy. I 2025 har også kommunen redusert kjøp av tenester som fylgje av bruk av færre plassar i Markegata HDO


094/24	KF Bordgleder held fram som kommunalt føretak vedtok formannskapet, men saka vart utsett i kommunestyret (I påvente av etablering av nytt styre)
113/25	Tertilarapport 2 – 2025. Inndekking av meirforbruk I 2025, med føresetnad om at det vart utarbeidd ei eiga sak.

Økonomianalyse av ulike ulike alternativ (scenarioanalyse)

Til denne saka er det greidd ut økonomiske konsekvensar av alternative måtar å organisere kjøkkendrifta på. Opprinneleg budsjett frå KF Bordgleder er vist i venstre kolonne. Analysen viser at med høg utnytting av kjøkkenet gjennom interkommunalt samarbeid gjev ei god økonomisk og driftsmessig tilpassing. Ein oppnår då eit kostnadsnivå som tilsvarer eit nivå ned mot kva ein kunne oppnådd om ein hadde konkurranseutsett produksjon. Det går også fram av talgrunnlaget at om vi gjer om matproduksjonen til ei ordinær teneste vil kostnaden auke utover avsetning i økonomiplan, og gje ei permanent auka kostnad. Ekstrakostnaden blir då 4,6 M KR. Dersom ikkje det let seg gjere å oppnå eit interkommunalt samarbeid bør då selskapet jobbe vidare med eksternt sal.

Fremtidsregnskap og forutsetninger

Sammenligning av scenarioer



Rammer for konkurransen

Vi har henta inn vurdering frå Cedra sin advokat om rammene ein kommune har for å drive kommersiell aktivitet;

«Når kommunen driver økonomisk aktivitet i privatmarkedet, må denne virksomheten skje på markedsmessige vilkår. Det innebærer at Bordgleder må prise sine tjenester til eksterne kunder på en måte som tilsvarer prisingen til en privat, profitorientert aktør under sammenlignbare forhold – inkludert alle relevante kostnader og en rimelig fortjeneste. Bordgleder er altså ikke bundet til den samme prisen som kommunen selv betaler....For å kunne fastsette hvilken pris Bordgleder skal ta for sine tjenester til eksterne kunder, må foretaket ha oversikt over hvilke kostnader som knytter seg til den kommersielle aktiviteten. Bordgleder må derfor vurdere hvilke kostnader som er relevante, og for felles eller faste kostnader må det bestemmes hvordan disse skal fordeles mellom kommersiell og ikke-kommersiell virksomhet. Dette er nødvendig for å beregne en markedsmessig pris.»

Selskapet sin marknadsplan

Selskapet har lagt slik plan for å kunne utnytte sentralkjøkkenet til tjenester utanfor Kinn kommune

- Sal og marknadsutvikling, særleg innan desse områda: Ferjer (mannskapsmat og kiosk) Bordgleder

leverer til fleire ferjer i dag, og har lang tradisjon for å levere til ferjer.

- Bordgleder har hatt konkrete førespurnader om å kunne levere til fleire, som ein ikkje har kunne ta på seg på grunn av uklårheit knytt til nytt kjøkken/framtidig driftsform.

- Omsorgstenester i andre kommunar (heilt eller delvis) Bordgleder kan levere middagar til heile kommunar, delar av kommunar, utvalde dagar (feriar, ved særlege behov, helger osv.)

- Maritim og marine næringar (offshorefartøy, fiskebåtar mv)

- Industri/anlegg

- Større arrangement (t.d. fotballcupar) Bordgleder har vore kontakta om å levere middagar til ein stor fotballcup på Austlandet.

- Skule og barnehagar Det kan bli aktuelt å levere mat til barnehagar og/eller skular, både i eigen kommune og til andre kommunar.

- Engros (sausar, supper etc.) Via grossist har Bordgleder levert middagsprodukt til eit hotell utanfor Kinn kommune i 2024. Det er eit stort potensial for å levere til slike aktørar, både til hotell,

Vurderingar:

Føretaksmodellen i dette tilfellet er utfordra med utgangspunkt i urealistisk forventning til kor snøgt ein kunne innhente eksternt sal etter deling av matproduksjon i Kinn kommune. Utfordringa vart særleg forsterka av at ein har lagt på selskapet å tene inn att kapitalkostnader, men samstundes er det ei erkjenning at budsjettet for 2025 ikkje vart godt nok sett opp frå Bordgleder KF si side.

Å ta ned årsverksramma som Bordgleder KF gjennomfører for å tilpasse seg nye rammevilkår er så langt kommunaldirektøren kan sjå ei fornuftig tilpassing. Kommunedirektøren meiner at selskapet sjølv må laga detaljerte planar for å omsette marknadsplanen til praktiske handlingar.

Gjennomgangen no i haust, vedlagt rapport, med omsyn på korleis møte formelle krav til konkurranse, avtalar og anbodsvurdering har vore nyttige. Dette er det styret sitt ansvar å følge opp og kvalitetssikre.

Det vert starta eit arbeid med fleire kommunar som vil sjå på eit mogleg interkommunalt samarbeid kring matproduksjon. Slik analysen over viser kan dette også gje for fornuftig tilpassing. Med føringane som ligg i økonomiplan er overføringane til KF avgrensa i tid til 2 år og vi må søke å løyse utfordringane innanfor denne horisonten.

Økonomiske konsekvensar:

Føringane i saka er innarbeidd i økonomiplan

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Gjennomgang av konkurranselovgeving

Vedlegg i saken:

Scenarioanalyse Bordgleder KF - 2025 - 181125

Notat Bordgleder Kinn Kommune KF